

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 ~~8~~ Fylke: Hedmark
 Tilleggsspørsmål nr. 1 - 15 Herad: Tolga
 Emne: Lauving Bygdelag: Vingelen
 Oppskr. av: Eystein Eggen Gard: *ingur*
 (adresse): Vingelen G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga .

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

1) Jau, folk brukar enno å hogga lauv her i bygdene . Det er nok eit gammalt næringsyrke , like årvistt som våronna og slåtten . Anten det har vore krig eller fred , uår eller godt gras-år , har bøndene jamnt o-
 ver brukt bjørkelauv til buskape både som hjelpefor og for at kua som folket skulde ha om-
 skifte i kosthaldet . Mengda av lauv til husdyra har nok variert etter høvavlinga . I dårlege høvår har folk vore meir om seg etter andre forslag som t. d. mose og lauv.

2) Ein kallar det å hogge lauv . Ingen brukar å rispa ~~hva~~ blada av lautrea . Det vilde muna lite og ta for mykje tid . Bruksmåten under lauvhogging ~~ittagxx~~ i dag , har nok vore den same i hundradår . Ein kan seia det er ei lita onne på nokre få dagar . Alle dei arbeidsføre folka på ein gard slær seg saman om arbeidet . Dei feller ned bjørka , kvistar henne og høgg høveleg lange lauvduskar i en tjukkelek av omlag halvtomen i diameter . Det blir att ein kruse av grøina , og denne blir sammen med stonna nytta til ved.

3) Reidskapen er ei lauvsigd (ei skjuru), ein lang , litt krøkt kniv med treskaft . I enden på ~~skjura~~ skjurua er det ei klo som hoggaren brukar til å hekta i kvistane . Skjurua ser slik ut :



4) Som regel høgg ein lauv i håballen (hovolon) eller nett før slåttonna byrjar . Det gjorde nok alle i gamle dagar , da slåtten rakk til Mikkelmess~~mess~~ , men etter at ~~folk~~ folk slutta med markeslåtten , blir det høve til å ta ein dag eller to i lauvskogen før lauvet gulnar i august - septbr. Det er ymse meiningar om den beste årstida for lauvhogst . Mange held sumarlauvet for å vera drygast og mest næringsrikt . Andre likar haustlauvet best meddi at det held seg turrare , grønar og frikare , men ein skulde tru det var meir sevje og

6) Lauvet blir stående til det blir snøfjøre .
 Da kjører det både veden og lauvet heim på slæ.
 Det brukar vanleg å lesse lauvet i kxx skrin (høy-
 skrin) eller dei lagar busklass .
 Ingen har større mengder av lau v enn at han

Etterpå ber karane saman kvist og stormer som
 dei reiser utampa laustabben til denne blir stå -
 ande heilt innkledd . Dermed bergar han seg mot
 regn og blautsnø , men kxxkxxkxxkxx vedskjermen er ik-
 kje tettare enn at vinden kan blåse gjennom han .
 Ein kan og setja laustabben fritt ved at ein lagar ein
 mur av kjervane og reiser tett med ved ikringing det-
 Han sett kx kvist og stormer i kryss over denne
 kxxkxxkxxkxx laustabben og lagar eit høvelog tjeld o -
 ver lauvt fra på sider .



I lauskogen driv kvar på med sitt . Dei un-
 ge kappast om å få mest mogeleg med kjerv , og det
 røyner på armstallet nar ein skal hogga 40 a 50
 kjerv til manns . Den siste økta må alle
 hjelpest at med å bera saman kjervane . Ein
 finn ei stor bjørk eller furu og stablar opp
 30- a 40 kjerv i ring omkring denne . Kjer-
 vane blir sett opp i 3 a 4 høgder med tåppane
 opp og inn mot treet . Denne laustabben blir
 forma som ein høystakk og ser slik ut :



5) Dei to som fellar driv på heile dagen . Dei
 kvistar stormene fra rot til kxxkxx topp og legg
 lauvt i prottar . Kvinnfolk og yngre menneskap
 fylgjer etter og høgg småkvistar av greinene .
 Dei legg duskane saman i buntar eller kjervar
 som dei godt kan fema ikring , finn så ein mjuk svolk
 vidjedusk , legg han så kring kjerven og lagar eit
 snar kring tjukkenden av svolken , strøypar til
 og nyttar den mjuke dusken til å binna kjerven
 med . Svolken eller banded kxxkxx kallast
 for bendilen . For nøvde folk er det vanske-
 leg å få den rette knuten på bendilen , og det rå-
 kar at han losnar att . Kjerven får omlag denne
 skapnaden :

og må ryddast vek .
 I fjellbygdene her er er
 det ofte slik at bjørka tek overhand i furuskogen
 smatt for å reinska ut skogbotnen så furua kan
 men i furuskog høgg dei forendes både stort xk og
 laustang . I bjørkeskog sparar dei ungsbogen ,
 ned eldre bjørker som høver både til ved - og
 del tres som skal fellast ned . Helst høgg dei
 annan skogsvant kar . Lesse tek x augemål av
 husbunden lettar ut hogstplassen i fylgje med ein
 ein solversdag , passar folk på og dreg tilskogs .
 lauvt svart og stygt i stabben . Nar det kjem
 Ingen høgg lau i regn eller vatt ver . Da blir
 og høring i sumarlauvet .

kan kjøre det heim sjøl . Folk som ikkje har hestar , leiger seg kjørarhjelp . Det har visst aldri vore dagnad på lauvkjøring

7) Det råkar at ein høgg lauv heime på inngjerda mark , og på einbølte gardar med skog ikring , kan ein ta lauvet beinveges frå hogstfeltet og setja xdet i hus . Mange høgg lauv på setrene , og her kan ein ta seg stunder når været eller tida høver slik . Der det står kratt eller småbjørk tett innpå grasteigane , kan ein kvista heilt ned til rota og bera kjervane inn under tak . Dette lauvet fær ikkje væte på seg . Det kjem grønt og friskt inn i båsane om vinteren , Di - for er det ein stor føremun å ha lauvskog attmed garden .

8) Lauvet stablar ein helst under framskot så vinden kan få ruska i det , men om vinteren legg ein det i eit lørørom på trevet og tek av det etter - kvart som ein vandlar . Ei reknar at kvar vaksakku skal ha ein kjerv lauv for dagen . Når ein har mose og næpe attåt , brukar ein lauv berre om kveldane . Det blir ikkje gjort skilnad på kven som skal ha lauv . Heile buskapen fær jamnt over kvar sine kvistar , men dei dyra som vanvyrder eller skrær , kjem på smalare kost til dei finn ut at lauvet smakar .

9) Her i bygdene er det helst berre bjørkelauvet som blir nytta til krøtermat . Roga , osp hegg og selje blir aldri brukt , men det kjem vel kanskje mest av at bjørka er det mest vanlege lauv - treet , medan dei andre sortane veks berre flekke - vis , men det er avgjort at folk held på bjørkelauvet , og herx spelar nok røynsla inn .

10) Her fins ikkje alm . Noko anna lauv til grisehat har eg aldri sett brukt . Grisen et gjerne ymse slag plantevokstrar som syre og mjølke , men eg har aldri sett at nokon har bore lauv til han .

11) Kvar brukar høgg lauv i sin eigen skog . Dei som ikkje eig lauvskog sjølve , kan mot arbeids - ytingar i vedhogst eller slått få hogge seg både ved og lauv . Under vanleg vedhogst blir det att mykje lauv som eigarmannen ikkje sjølv nyttar , og han let gjerne ein mann få hogga lauvet utan vederlag .

12) Ein skogsvant kar greier som regel å halda to - eller tri lauvhoggarar med arbeid etterkvart som han feller og kvistar av . Kvinnfolk og barn i 12- 15- årsalderen er med på lauvhogging . Til eit husdyrbruk på 10 - 12 kyr , brukar ein å hogge lauv i 2 a 3 dagar , men det kan vera skilnad på kor mykje hjelpefor ein bonde treng . Lauv må han likevel ha , og ein reknar jamnt o -

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2626

Nr. 5 a 6 vinterlass på 10 a 12 kyr.
 Det fins og dei som hogg sine 10 lass på same
 krøterhaldet .
 14) Ein reknar med at sumar - og haustlauvet skal
 rekna til ut april måned . I mai tek sko-
 gen til å grønsast, og når det mjuke og saftfulle vær-
 lauvet kjem i båsande, bergar det mykje unna for
 vørkinga . Folk reiser tilskogs og hogg seg nye
 forsyningar . I oppveksten min omkr. 1900, må-
 te eg både morgon og kveld bera lauv heim frå sko-
 gen i eit baretang . Eg hogg da greiner av
 større bjørker eller lauv smakrat innagjerdas, og
 etterkvart som høykaggen minka, måtte det meir lauv
 til .
 B. I mi tid har det aldri vore brukelig å raka
 saman lauv på bakken . Her meiner ein vel det
 lauvet som fell om haustane . I den tida
 folk dreiv med å laga sørpe eller koka hestemjøkk,
 brukte dei raka lauv som vart raka saman om haustane
 og bore inn i ka koltet eller søker . Bestemor
 som var lødt i 1807, prata mykje om raka lauv eller
~~rikk~~ medfals lauv, og det har nok vore brukt for
 ein 60-70 år ses .